



Vi reiste avgarde for å finne sola. For å ta fly, måtte vi gjennom passkontrollen

Det er for tida mange som har meiningar om kva som er viktig å halde på med i barnehagen. 14. mars er det markering av barnehagedagen, og tema for dagen er «VI VIL LEIKE» Det er i samanheng med denne dagen, at me hadde lyst å skriva eit innlegg om leik og vennskap i barnehagen.



Ombord i flyet. På veg til Syden

At barnehagen skal leggja til rette for lek framgår tydeleg i barnehagelova og barnekonvensjonen, som slår fast at barn har rett til å leike. Leiken er avgjerande for barn si utvikling og pregar barn vidare i livet.

«Har du høyrte om den dagen då me var på tur til Afrika for å sjå på elefantar, og den dagen me reiste med fly til Syden for å finna sola, eller den dagen Kari Koine var på besøk, og då Kong Vinter kom innom, og i tillegg sklei i trappa». Ja, me har mange fleire slike fortellingar og opplevingar å koma med. «Du kan få vera med å leika... Du kan vera han som sitte bak i bussen, eg er ho som køyrer... Så skulle du liksom gå av i Bergen, fordi du skulle på sjukehuset. Så var han doktoren og du hadde vondt i magen.....»

At barn leikar er i seg sjølv eit sunnheitsteikn. Leiken stimulerer ulike sider av barnet si utvikling, både språkleg, sosial og motorisk. Leiken er med på å utvikla kreativiteten og evna til å løysa problem. Gjennom leik og eksperimentering lærer barnet mykje om korleis verda fungerer. Dei lærer og korleis dei skal forholde seg til andre menneske.

Gjennom leiken blir dei tette vennskapa mellom barna til. Vennskap er viktig for at barna skal trivast i barnehagen, og det er også med på å forhindra mobbing. Når barnet leiker med andre, får dei trening i å forhandle, finne fram til gode løysingar for alle, lytte til kvarandre og ta omsyn.



Eit rotvelta tre er skuta vår

Det er viktig at me som vaksne er til stades i leiken. Korleis dei vaksne leikar med barna dei første leveåra vil forma korleis dei ser på seg sjølv og på verda. Me må vera vaksne som er trygge og gode, som barna kan gå til om dei treng oss. Barna treng kloke og kunnskapsrike vaksne som kan støtte barna i å byggje og ta vare på venne relasjonane. Dei vaksne kan bidra til å fremme vennskap ved å støtte barna i møtet med andre barn, gi barna gode vilkår for leik, vera tett på leiken og løfta fram barn sine empatiske og positive sider.

Ta vare på leiken i barnehagen og heime, og ver vaksne som støttar og skapar vennerelasjonar. Barnepsykolog Anette Andersen oppfordrar til å leike med barna for å gje dei trygge og gode bilete på seg sjølv. Det er ein samanheng korleis barn blir leikt med dei første åra, og korleis dei tilnærmer seg verda. Barn kan sjå på verda som ein god og trygg plass å vera, eller ein fientleg, ein framande, skummel plass å vera. Alt etter kva opplevingar ein har i «ryggsekken» sin.

Me vil avslutta med eit dikt av Astrid Lindgren:

**«Jeg skulle ønske dagens barn  
Lekte meir enn de gjør  
For den som leker som liten  
Får en rikdom inni seg  
Som man kan øse av hele livet  
Man bygger opp en varm, hyggelig  
Verden inni seg  
En verden som gir styrke om livet blir vanskeleg  
Et sted man kan ty til i motgang og sorg»**



Kapteinen på skuta. Mykje utstyr å halda styr på

Tekst: Helene H. Bjørnebøle og Hilde T. Myklebust

Foto: Helene H. Bjørnebøle

Nett: Thor Inge Døssland



Stor interesse for hestar i barnehagen for tida. Vi vil gje inspirasjon til leiken, og barna har laga seg flotte kjepphestar